
Beskyttar infeksjonar mot utvikling av allergi?

ARTIKKEL

LØVIK M

Sammendrag

Etter immunologisk teori ville ein vente at infeksjonar reduserer risikoen for at eit individ skal verte allergisk, vedat dei styrer immunreaksjonen mot eit antigen vekk frå ein Th2-typerespons som er assosiert med allergi. Bete hygieneenn før gir færre infeksjonar hos små barn, noko som i teorien kan vere årsak til den auken i allergi vi meiner å sjå ivår tid. Til no har ein hatt berre indirekte epidemiologiske haldepunkt for dette synet. I ein ny studie fråGuinea-Bissau i Vest-Afrika vart det funne at barn som var vaksinerte mot meslingar og derfor ikkje hadde hatt dennesjukdommen, hadde betydeleg større risiko for å ha positiv hudtest mot husstøvmidd enn uvaksinerte barn som haddegjennomgått meslingar. Dersom dette funnet er reproduserbart og gjeld også i ei europeisk befolkning, vil det reiseinteressante medisinske og etiske spørsmål: Må vi velje mellom meslingar eller auka risiko for allergisk sjukdom? Kvenhar eventuelt rett til å ta eit slikt val - den enkelte eller samfunnet?

Publisert: 20. februar 1997. Tidsskr Nor Legeforen.

© Tidsskrift for Den norske legeforening 2026. Lastet ned fra tidsskriftet.no 10. juli 2026.